



Lunde 3bygg AS  
 Kleivdalsvegen 290  
 5915 HJELMÅS

Referanser:  
 Dykkar:  
 Vår: 21/9906 - 21/84604

Saksbehandlar:  
 Linda Hammersvik Folkestad  
 linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
 14.12.2021

## Svar på søknad om dispensasjon fra byggegrense mot kommunal veg - gbnr 214/72 Fyllingsnes

**Tiltak:** Dispensasjon frå byggegrense mot veg for tilbygg på naust  
**Byggjestad:** Fyllingsnesvegen – GBNR 214/72  
**Tiltakhavar:** Radu Lucian Corfariu  
**Ansvarleg søkjar:** Lunde 3 bygg AS/ Interiørarkitektkontoret Gry Michaelsen

### Saksutgreiing:


#### Informasjon om saka:

Det søkes om dispensasjon fra byggegrense mot kommunal veg med mindre avstand enn 15m. Minste avstand mellom tiltak og midt kommunal veg er minimum 4,0 meter. Tiltakshaver ønsker å få restaurert eksisterende naust og oppføre påbygg til oppbevaring. Påbygget vil ligge under tiltakets eksisterende nyttelse/avtrykk på eiendommen. Slik at tiltakets avstand til vei ikke vil endres.

Eksisterende naust ligger i en bratt skråning mellom Fyllingsnesvegen og sjø. Tilkomst til naust er over vegskulder og ned bratt trapp til kai/naust. Adkomsten er ikke lukket men open for alle.

#### Vurdering/drøfting:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden. Etter det vi forstår er tiltaket allereie under oppføring. Vi ser at tiltaket ikkje vil ha innverknad på drift og vedlikehald av snøfri kommuneveg. I perioder med mykje snø kan det under drift og vedlikehald av kommunevegen komme snø over vegmur og inn i mot tilbygget. Vi gjer merksam på at denne snøen kan påføre tiltaket skader, da spesielt når snøen er våt og tung.



Tidlegare har snøen lagt seg på fjellet mellom naust og veg, samt på naustet sitt tak. Ny situasjon vil føre til at snøen vil legge seg mellom naustevegg og fjellknaus. Vegmynde er uroa for at dette kan påføre tilbygget skader.

Da tiltaket allereie er på plass kan vegmynde akseptere tilbygget under føresetnad om at tiltakshavar akseptere at det kjem snø frå kommunal veg under vinterdrift av denne. Tiltakshavar skal sjølv sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader. Kommunen fråseier seg alt ansvar for skader som oppstår på tiltaket under drift og vedlikehald av veg.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune gir dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

#### **Vedtak:**

Med heimel i Veglova § 29 gir vegmynde dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Dispensasjon vert gitt på følgjande vilkår:

- Minste avstand mellom takutstikk på tilbygg og midt kommunal veg skal være minimum 4,0 meter.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg er at tiltakshavar aksepterer at det kommer snø/slaps over vegmur og inn mot/på tilbygget. Dersom det drift og vedlikehald av kommunal veg oppstår skader på tilbygget, er dette kommunen uvedkomande. Tiltakshavar skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.
- Ei føresetnad for dispensasjon frå byggegrense mot veg, er at andre nødvendige godkjenningar ligg føre.

#### **Søknadsplikt etter plan og bygningslova:**

Vi gjer merksam på at dette løyve berre gjeld plassering av tiltak ihht Veglova. Tiltaket er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Det må ligge føre byggeløyve for tiltaket.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reistast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Interiørarkitektkontoret Gry  
Michaelsen

Kaigaten 14 5016

BERGEN

**Mottakrar:**

Lunde 3bygg AS

Kleivdalsvegen 5915  
290

HJELMÅS